



Statens vegvesen

Manger ungdomslag
Radøyvegen 1595
5936 MANGER

Eva Karin Klausen

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/139955-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.10.2016

Svar – Fv. 410 – Dispensasjon fra byggegrense – gnr. 45 bnr. 30 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad om dispensasjon frå byggegrense langs Fv. 410 mottatt 12.09.2016.

Det er søkt om tilbygg på 5x12m til ungdomshuset «Solvang», gnr. 45 bnr. 30 på Manger i Radøy kommune. Næraste bygningsdel er målt til 19 meter frå vegmidte på fv. 410.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 gir Statens vegvesen dispensasjon på særlege vilkår frå byggegrensa langs veg for oppføring av tilbygg på gnr. 45 bnr.30 i Radøy kommune, *vår referanse fv 410 hp 3 km 0,827*.

Vilkår for dispensasjon:

1. Løyvet gjeld for det føremål som kjem fram av søknaden.
2. Minste avstand frå tilbygg til vegmidte må vere minst 19 meter, og elles plassert slik det kjem fram av kart vedlagt søknaden (vedlagt).
3. Dispensasjonen fell bort dersom byggearbeidet ikkje er starta opp innan 3 år frå dags dato.
4. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgje av at bygningsdelane ligg innanfor byggegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå Statens vegvesen si side.
5. Dersom tiltaket oppførast i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglova si § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.
6. Det er eit vilkår for dispensasjon at det vert gjeve naudsynt godkjenning frå kommunen.

Vi gjer merksam på at løyvet berre gjeld i høve til veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Vurdering:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Byggjegrensa langs veg skal ta i vare omsynet til trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen. Den generelle byggjegrensa langs fylkesveg er 50 meter.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 200. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse 4 jf. "*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013–2016)*". Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg, og at vi kan vurdere ei byggjegrense på 15 meter.

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering funne å kunne gje dispensasjon frå byggjegrensa på særlege vilkår.

Klageadgang:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på jamfør forvaltningslova §§ 28 – 36. Klagefrist er tre – 3 – veker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Statens vegvesen som oversender saka til klageinstansen.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing


Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg:
Situasjonskart M1:500 datert 11.02.2016

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER



45_30 Solvang
 11.02.2016
 Målestokk 1:500
 Radøy kartverk



E 283100

E 283150

N 6728750

N 6728750

N 6728800

N 6728800

45/321

245/83

45/14

45/31

10.3

55m

14.8

17.6

81
45/30

12.3

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0

5.0